

# Radar

2013 nr. 1

Kyrkjeblad for Radøy sokn

29.årgang





DEN NORSKE KYRKJA  
Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger  
Tlf 5634 9840 / radoysokn.no

Kontor- og telefontid  
Måndag til fredag  
kl 10 til 14

Dagleg leiar Audun Sylta  
901 95 179  
daglegleiar@radoysokn.no

Kontorfullmektig  
Hilde Marit Solend  
5634 9840  
kontor@radoysokn.no

Sokneprest Kjell Sekkingstad  
951 41 360  
sokneprest@radoysokn.no

Prostiprest  
Marte Ottesen  
917 80 801  
marte.ottesen@radoysokn.no

Organist J.William Kay  
915 91 482  
jwkay@me.com

Arbeidsleiar kyrkjegardane  
Arne Palmesen  
911 53 484

Kyrkjetenar Hordabø/Manger  
Sølvi Helen K.Mjøs  
456 05 639

Kyrkjetenar Sæbø  
Marta G.Hvidsten 909 18 214

## Nytt frå dagleg leiar

### Gravplassane



Vinteren har vore lang med mykje barfrost. Mange melder til kyrkjekontoret at gravminna står skeivt og ber oss retta på det. Vi er takksame for alle meldingar slik at vi kan få ordne gravminna. Røynsle frå tidlegare frostperiodar gjer at vi ikkje tek til med dette abeidet før frosten har slept taket. Det syner seg at ein del rettar seg sjølv, men det gjeld ikkje alle. Grunna langvarig frost har dei som har gravstell ikkje fått planta til påske som vanleg. Det er diverre ikkje mogeleg å skaffa påskeliljer lenger, så i år vert det vårling på dei gravene som har stellavtalar.

### Benkar i Hordabø kyrkje

Kyrkjelydsutvalet i Hordabø ynskjer å ta bort nokre av benkane i kyrkja og setja inn stolar. Kyrkja vil verta meir fleksibel, spesielt til konsertar. Det vil også letta tilkomsten for rullestolbrukarar. Soknerådet har no gjort vedtak om at dei vil ta bort 5 benkar framme (2 og 3) og fire bak på austsida. Det vil då verta like mange benkerader på kvar side. Søknad er sendt til Bjørgvin bispedøme som har siste ord i saka.

### Maling av Manger kyrkje

Malinga på Manger flassar av sjølv om det var malt sist i 2006. Det ser ut som det er vanskeleg å få moderne maling til å halda på gamalt. Soknet har eigentleg ikkje økonomi til dette no, men forsømt vedlikehald fører som regel til større utgifter på lenger sikt.

Vi må halda kostnadane nede og vil i første omgang mala tårnet og litt av vestveggen som er mest utsett for ver og vind.

### Ny trusopplæringsmedarbeidar

Vi har saman med Austrheim og Fedje søkt etter ein person som skal vera leiar for trusopplæring for unge mellom 0-18 år. Vi søker etter ein person med sterkt engasjement for denne målgruppa. Stillinga var utlyst før påske. Diverre fekk vi få søkjarar og vil no lysa ut stillinga på nytt. Voner det går betre i andre runde.

### Kyrkjelydens årsmøte


Søndag 10.mars var det årsmøte for Radøy sokn i kyrkjestova på Manger. Føremålet med årsmøte er å leggja fram årsmelding og at kyrkjelyden skal kunna uttala seg om viktige saker. Endelege rekneskapstal vert handsama av soknerådet når det er klart frå revisor. Årsmeldinga kan du finna på våre nettsider, radoysokn.no, under "Soknerådet".

Audun Sylta,  
dagleg leiar.

### Radøysmykket

Som ei markering av at Radøy i 2006 vart samla til eit sokn, fekk soknerådet produsert eit eige smykke, Radøysmykket.

Smykkesteinen var Mangerritt frå Radøy. Smykket er produsert i fire ulike modellar; Sølvi, Ingrid og Torild i sølv og Alette i gull. Alle vart laga som anheng med Mangerritt som smykkestein. Sølvi har vore laga både som anheng og brosje. Smykka har vore seld frå kyrkjekontoret. Inntekta har gått til kyrkjelydsarbeidet.



Siste sjanse  
til å kjøpe!

Soknerådet ynskjer no å selja ut restslaget med rabatt. Dette er siste sjanse til å sikra seg dette spesielle smykket frå Radøy. Anheng av typen Sølvi, Ingrid og Torild vert seld ut med 30 % rabatt. Brosje, Sølvi, vert seld ut med 40 % rabatt. Smykka kan kjøpast på kyrkjekontoret i opningstida (10-14) måndag, tysdag og torsdag.

# Vil du vera medliturg i gudstenesta?



**Om lag 10 personar har sagt ja til å vera medliturg i gudstenestene på Radøy. Eg er ein av dei. Eg har fått høyrar frå kyrkjekontoret at talet er litt for lite – det bør vera nokre fleire, slik at vi får god breidde og nødvendig fleksibilitet. Då eg høyrde det, tenkte eg at eg ville marknadsføra denne tenesta.**

Ein medliturg gjer ein eller fleire av følgjande oppgåver:

- Ønskja velkommen til gudstenesta
- Halda korset og leia prosesjonen i starten av gudstenesta
- Lesa samlingsbønen
- Vera dåpsassistentar når det er dåp: Lesa utvalde tekstar frå Bibelen eller støtta presten under dåpen
- Lesa ein av dagens bibeltekstar
- Leia kyrkjelyden i truvedkjenninga
- Lesa forbøna
- Vera nattverdsassistent dersom det er nødvendig

Dette er sjølv sagt for mange oppgåver for éin medliturg. Derfor er vi gjerne to på kvar gudsteneste, men vi kan også vera tre.

Eg syns det er kjekt å vera medliturg! Du kan i stor grad velja det som passar best for deg av oppgåvene ovanfor. Kanskje du har lyst til å vera med, men kvir deg til å vera dåpsassistent eller nattverdsassistent? Eller kanskje du ikkje har lyst til å lesa framfor forsamlinga, men heller ha nokre av dei andre oppgåvene? Kan hende du vil prøva deg på alt?

Etter at eg sa ja til å vera medliturg, har eg gått meir på gudstenesta. Eg opplever òg gudstenesta på ein annan måte. Når eg sjølv er aktivt med, må eg førebu meg og eg skjerpar sansane mine under gudstenesta.

Men det kjekkaste av alt: Fellesskapet og samarbeidet med våre hyggelege prestar, organistar, kyrkjeteradar, kyrkevertar og andre medliturgar. Som medliturg får du også tilgang til kyrkjas mest mystiske rom – presteskrestet!

Viss du vil vera medliturg, så får du 2 flotte mapper – ei arbeidsmappe og ei til bruk i sjølve gudstenesta. Den siste mappa kallar vi medliturgar for berre *Mappa*.

Det har seg nemleg slik at etter nokre år som medliturg, så vert du medlem i den hemmelege ordenen “KVF-ML”. Det står for “Kyrkjas Vise Foreining – MedLiturgane”. Eit av mottoa for ordenen er: “Vi elskar å høyrar fleire røyster!” Ordenen blei stifta av historias første medliturg – grekaren Aeropaklos på 200-talet. Gjennom denne medlemskapen vil du etter kvart få kunnskap og innsikt i dei hemmelige kodene i *Mappa* – du vil læra å lesa den skjulte bodskapen mellom linjene!

Så – ønskjer du at andre høyrer di røst? Ta kontakt med nokon på kyrkjekontoret. Vi treng deg!

Åsmund Stray Nordberg,  
medliturg i Radøy Sokn og medlem i KVF-ML

## *Vel møtt på friluftsgudsteneste!*

**Når våren og sommaren kjem, er det fint å feire  
Guds fantastiske skaparverk med gudsteneste i  
det frie!**

*Solendfjellet -  
Helgetorsdag kl 11*

*“Katedralen” på Bø -  
2.pinsedag kl 13*

*Tjorehagen -  
9.juni kl 11*



# Frå soknerådet

## *Helsing frå avgått leiar*



**Etter å takka for meg som leiar i soknerådet vil eg koma med eit lite tilbakeblikk. Det har vore ei interesant tid med mange positive medlemer i rådet som ville gjera eit godt arbeid for kyrkja i Radøy.**

Eg trur at både eg og dei andre medlemene i rådet har fått eit litt anna syn på kva arbeidet som kyrkja gjer kor mykje det betyr for innbyggjarane i kommunen. Det har store utfordringar både økonomisk og oppgåvane som me hadde framfør oss. Eg tenkjer då på oppussing av kyrkja på Sæbø og arbeidet som er gjort der, vedlikehald og oppjustering av orgelet i kyrkja på Manger.

Med positive og fleksible medarbeidarar og frivillige har dette vorte løyst på ein god måte, takk for innsatsen. Me har rodd i land finansieringa med orgelvøla så dersom euroen held seg stabil skal det gå bra. Den siste tida har det vorte gjort ein del arbeid i kyrkja på Bø. Me har slipt golvet og lakka det så det ser ut som nytt golv me har i tillegg fått isolert himlingen slik at varmen ikkje skal gå gjennom taket. Dette har me kunna gjort med pengar som kyrkjeforeininga hadde og gáver me har fått. Det neste som står for tur er få ny innredning i barnestova.

Me vonar me skal få kyrkjeforeininga i gong att men me avhengig av at nokon vil vera med å ta eit tak. Så vil eg takka alle tilsette og frivillige som gjer ein stor innsats for kyrkja i Radøy og ynskja den nye leiaren lukka til med oppgåva han har tatt på seg.

*Helsing Ludvig Grindheim.*

## *Kortnytt frå møtebøkene*

### **Val**

Simon Walther Grandahl vart vald som leiar for 2013. Gudrun Rikstad vart vald som nestleiar.

### **Universell utforming av kyrkjene**

Gudstenestereform legg vekt på at alle gudstenester og kyrkjelege handlingar skal vera tilgjengelege for alle. Med gamle kyrkjebygg kan dette vera ei utfordring. Det er allereie gjort ein del arbeid med dette, mellom anna med rullestolrampe til korpar-

tiet og ny elektronisk døråpnar i kyrkja på Manger. Soknerådet har satt ned ei arbeidsgruppe som skal jobba vidare med universell utforming i alle kyrkjene.

### **Blomehelsing til dei over 80**

Det har koma innspel til soknerådet om å vurdera ordninga med å dela ut juleblomst til dei i kyrkjelyden som er over 80 år. Soknerådet får også mange positive tilbakemeldingar frå dei som får blomst. Difor gjekk rådet inn for å halde fram med å dele ut juleblomst som før.

### **Offring med bankterminal eller SMS**

Kontantar vert mindre nytta enn tidlegare og det ser ut som bruk av betalingskort og teletester kan koma i staden. Ei innføring av desse ordningane vil føra til auka utgifter som truleg ikkje vert kompensert ved auka offer eller gáver på kort sikt.

Soknerådet ynskjer ikkje å innføra elektronisk betaling av offer ved hjelp av bankterminal eller SMS på noverande tidspunkt. Soknerådet ynskjer likevel at det vert lagt betre til rette for at dei som ikkje har kontantar kan få høve til å gje. I den grad det er praktisk mogeleg må kontonummer til mottakar av takkoffer opplyst i kyrkja.



**Simon Grandahl**  
Leiar 2012-2013  
Administrasjonsutvalet  
Offerkomiteen



**Gudrun Rikstad**  
Nestleiar 2012-2013  
Administrasjonsutval  
Kyrkjelydsutvalet i Manger



**Elin Klausen**  
Vara, administrasjonsutval



**Ludvig Grindheim**  
Administrasjonsutval  
Kyrkjelydsutvalet i Hordabø



**Marta Grønstad Hvidsten**  
Kyrkjelydsutvalet i Sæbø



**Britt Sissel Kvamme**  
Kyrkjelydsutvalet i Sæbø  
Redaksjonsnemnd, Radar



**Kenth Remy Nesbø**



**Silje Kristin Ellingsen**  
Offerkomiteen  
Vara, administrasjonsutval

## *Kyrkjemarknad på Bø 8.juni*

Hordabø kyrkje har blitt fornys med pussinga av golvet.

No ynskjer me å bytte ut nokre av benkane med stoler. Dette kostar jo sjølvagt. Difor vil me laurdag 8 juni ha kaker og kaffi, loddosal o.a på kyrkjebakken og nokre små konserter inne i kyrkja, der alt av kroner som kjem inn vil gå til nye stolar.



– Godt Nytt År! Senhøstes og i julen skjedde det mye bra og spennende hos oss, forteller prest Tiina Klement i det siste nyhetsbrevet fra Mustamäe. – Jeg vil trekke fram spesielt tre ting som har lykkes veldig bra: barne- og ungdomsarbeid, familiegudstjenester og veldedighetsaksjoner.

Av Tiina Klement, Estland 07.01.2013

Siden oktober har vi hatt et ganske aktivt barne- og ungdomsarbeid. Vi har fått nye barn til søndagskolen og i tillegg har en av ettåringene fra NMS startet opp et gospelkor som har blitt en stor suksess. Vi har til og med hatt en gospelgudstjeneste i en stor kirke i sentrum av Tallinn der også vårt gospelkor opptrådte for første gang. Den gospelgudstjenesten arrangerte vi med tanke på å samle penger til kirkebygging.

### Kirkefremmede barn

Det som jeg synes er best er det at både i gospelkoret og søndagskolen er de fleste kirkefremmede barn. Det gjør jobben vår mye vanskeligere, men det gir oss en mulighet til å nå nye mennesker. I tillegg kommer flere ungdommer og barn fra meget vanskelige familieforhold, og det betyr at vi må tenke og handle diakonalt pluss at vi ikke trenger å jobbe bare med barna, men også foreldrene.



### Familiegudstjenester og barnedåp

Vi har hatt tre familiegudstjenester og flere nye foreldre har deltatt der sammen med barna. Noen av dem hadde aldri vært i kirken før de kom til oss. De syntes det var så annerledes og nytt for dem å være der, men de likte det. I desember hadde vi også barnedåp. Fem barn ble døpt på familiegudstjenesten, og noen foreldre og de fleste ungdommer og barn så dåphandling for første gang i livet. Vi får håpe at de en gang har lyst til å bli døpt selv.


### Hjelpesendig

For det tredje har vi gjort en del veldedighetsarbeid ved hjelp av hjelpesending og gaver fra Norge, Finland og Nederland. I begynnelsen av oktober fikk vi besøk av Songdalen Frikirke. Sammen med dem delte vi ut både gaver og vår tid til fattige barn og familie. Den 1. desember kom juleflyet fra Norge med både mat, klær og andre ting for familier som lever i nød. Juleflyet har vært i Estland allerede sju år på rad i starten av adventstiden, og det har delt ut mange hundre pakker og gaver i Peeteli kirken i Tallinn. I år fikk vår menighet også mulighet til å være med denne aksjonen og vi delte ut matpakker, julegaver og klær til ca 150 barn i Mustamäe. Før gaveutdelingen hadde vi en konsert med julesanger og trylleforestilling som barna ble totalt fascinert av.

### Julefest

Vi hadde også vår egen julefest for barn med drama og julegaver til de barna som har vært med enten i søndagskolen, gospelkoret eller babysang i år 2012. Det ble 55 julegaver. Vi har også delt ut ca 300 lys og ullsokker til eldre og til de som bor i Sosialhuset. På alle steder har vi fått lov til å dele evangeliet og fortelle om menigheten. I nyåret må vi bare håpe at alt fortsetter å vokse og ikke minst at vi får flere frivillige medarbeidere. Det trenger vi veldig for tiden.

- *Tiina Klement er prest og leiar for kyrkjelyden i Mustamäe. Radøy sokn støttar dette arbeidet gjennom misjonsprosjektet "Kyrkjelydsplanting i Estland".*



## Konsert på flygelet i Manger kyrkje



Onsdag 29. mai kl. 19.00 held Frode Skag Storheim konsert i Manger kyrkje.

Dette skjer i samband med at han denne våren skal ha sin avsluttende bacheloreksamen ved Griegakademiet i Bergen, så konserten på Manger vert for generalprøve å rekna. På programmet står "Toccata i d-moll, BWV 913" av J. S. Bach; "Zwei Märchen, Op. 20" av Nikolai Medtner og Franz Schubert si "Store A-dursonate, D. 959", så her skulle vera noko for einkvar smak.

Konserten er gratis, men det vert kollekt til orgelfondet.

Vel møtt, alle saman!

**KONFIRMANT  
2013**

### Konfirmasjon i Sæbø:

#### Laurdag 4.mai kl.12:

Lene Valdersnes Hovland

Tuva Borgund Johannessen

Øyvind Natlandsmyr Askeland

Johannes Rydland Vetås

Karianne Haugland Vaktskjold

Karianne Tystad Storheim

Linn Therese Solheim

Ørjan Lunde

Maja Simoné Kvamme

Tobias Stusdal

Marius Aakvaag Villanger

Edvard Jakob Myksvoll

## Konfirmantar i Radøy sokn mai 2013

### Konfirmasjon i Emigrantkyrkja

#### Søndag 5.mai kl.11

Lisa Marie Gjerde

Nicolas Marchant Mjøs

Gjert Ragnvald Haukeland Mjøs

### Konfirmasjon i Hordabø

#### Laurdag 11.mai kl.12

Rikke Marøy

Mai Helen Sagstad Kvalheim

Mary Antoinette Segovia Villanueva

Fredrik Soltvedt Gabrielli

Anette Helland Bø

Per Martin Bø

Elvir Muratovic

Trine Sjursen Kvalheim

Christian Litleskare Soltvedt

## No startar orgelvøla i Manger kyrkje

Bli pipefadder!  
MANGER KYRKJEORGEL



VER MED OG STØTT NORDHORDLAND SITT STORSTE KONSERTORGEL

Mandag 5.august har Jehmlich Orgelbau varsla oppstart for den store orgelvøla i Manger kyrkje.

Innsamling av pengar har pågått over lengre tid, og takka vera god støtte frå musikkglade Radværingar, kan arbeidet endeleg gjennomførast!

Så godt som heile orgelet skal demonterast; samtlege piper i tillegg til fasaden skal fjernast. Kvar pipe skal rensast og dei som har fått skadar reparerast. Utslitte delar av mekanikken vil verta skifta ut, saman med dei gamle fasadeplatane. Luftlekkasjar skal tettast og til slutt skal kvar einskild pipe setjast på plass, verta intonert og stemt.

Arbeidet kjem til å vere i ca. 9 veker, dvs. at orgelet vil vera heilt ute av funksjon i perioden 5.august til 6.oktober. I den tida vil det flotte konsertflygelet vårt vera nytta i gudstenester, vigslar og gravferder.

J.William Kay

### Konfirmasjon i Manger

#### Søndag 12.mai

#### Kl. 11:

Torstein Ulvatn

Lena Ulvatn Bø

Kathrine Ulvatn Askeland

Marie Ulvatn Morken

Remi Amundsen

Philip Baug

Thea Christianslund

Jonas Morken Reigstad

Jørgen Lunde Grindheim

Stig Morten Halland

Kenneth Haugland

Rebekka Margrete Lervik

Frida Kolstad Lien

Ida Amalie Sæbø Thomassen

### KL.13:

Elin Fanebust Lilletveit

Ida Quam

Markus Skjelanger

Anders Skurtveit

Kristian Solen

Benedikte Lavik

Regine Kolstad Tjore

Darius Daniel Færøy-Niazmand

Turid Cecilie Hagen

Tiril Vetås Thomassen

Kristina Emilie Myrtveit

Renate Myking

Solfrid Espeland

Linn Helen Erstad



## Som liljene på marken - om å leve enklere

*Eit utdrag av foredraget Barbro Raen Thomassen heldt på fredagstreffet i Sæbø kyrkje 5.april.*

**Et enklere liv går hånd i hånd med takknemlighet. Den som er takknemlig setter pris på livets enkle frie gaver: vennskap og ensomhet, bevegelse og hvile, sommerens overflod og vinterens tilbakeholdenhett, sol og regn, varme og kulde. Den som er takknemlig er tilfreds. Konsumsamfunnets reklame gjør alt den kan for at vi skal kjenne oss utilfreds, den påpeker de mangler vi har og skaper mangler vi ikke har. Konsumsamfunnet konstruerer konstant nye behov. Tilfredshet er det motsatte av å trenge mer.**

«Takknemlighet lærer oss å sette pris på det vi har. Takknemlighet befrir oss dermed fra frykten for å mangle noe - hvilket er drivkraften i vårt uholdbare forbruksmønster».

*Min virkelige identitet ligger ikke i min nasjonalitet, mitt språk eller mine familiebånd. Heller ikke i mitt arbeid, mitt yrke eller i min personlighet. Min dypeste identitet ligger i Gud.*

Min virkelige identitet ligger ikke i min nasjonalitet, mitt språk eller mine familiebånd. Heller ikke i mitt arbeid, mitt yrke eller i min personlighet. Min dypeste identitet ligger i Gud. «Det er i ham vi lever og rører oss og er til.» Jeg har funnet det godt hver morgen å si dette inni meg mens jeg puster

dypt inn og ut for hvert ledd i setningen: Det er i deg jeg lever og rører meg og er til. Gud er mitt eksistensgrunnlag.

Å leve enklere. Og å be enklere. Å leve enklere handler ikke bare om å forenkle sitt forhold til tingene, men også om å kvitte seg med unødige tanker og bekymringer. Det handler om å se vår tilhørighet: Gud er vår dypeste identitet. Og det handler om å være den vi er - der vi er.

Å leve enklere er et befriende gode. Jeg har ikke snakket om å leve enkelt, for hvem får det til? Jeg har snakket om å leve enklere. Enhver kan ta ett skritt i enklere retning, ett skritt om gangen.

*Barbro Raen Thomassen, april 2013*

## Glimt fra familiekonserten på Sæbø 6.april



Alle biletet: Egil Olsvold.



## Frå kor til kor



**Radøy damekor avsluttar vårsemestret saman med Hjelmås mannskor og startar haustsemesteret saman med eit kor frå Litauen.**

Radøy damekor sluttar av sesongen med sumarkonsert saman med Hjelmås mannskor. Konserten vert generalprøve for repertoaret som Hjelmås mannskor skal ta med seg til Nederland i etterkant av konsertane som del av deira 10-års

jubileum.

Vår sumarkonsert vert tradisjonen tru halden i Manger kyrkje og datoer er sett til 23.05.13. Konserten tek til kl. 19.30. Konserten er gratis, men det er høve til å gje ein skjerv.

Damekoret vil også syngja på Velferdssenteret 01.06 kl. 16.00 og delta på gudsteneste i Manger kyrkje 02.06 kl.11.00. Håpar å sjå mange på dei ulike arrangementa.

Elles startar koret opp att med øvingar 08.08.13. Dersom du har tenkt å bli med i damekoret, er dette ei høveleg tid til til å gjera alvor av tankane.

Den 12.08 får damekoret vitjing av Plunge kammerkor frå Litauen. Det er eit blandakor der ca. 20 medlemmer kjem. Dei er proffe i si utføring, men lever ikkje av songen. Koret skal bu på Manger folkehøgskule og ha to konsertar i området. Den fyrste konserten vert i Manger kyrkje den 15.08 kl. 1900. Den andre konserten vert i kyrkja på Fedje den 16.08.13. kl. 1900



Den 3.april holdt damekoret basar til inntekt for korbesøket. Det er svært dyrt for dei å opphalde seg i Norge, og damene bestemte seg for at dei ville sponse opphaldet. Vi vil takke alle som støtta basaren ved å kjøpe lodd. Nederst på denne sida finn du trekningslista frå boksalet.

God sommar!

*Elin Irene Klausen  
Leiar i Radøy damekor*

## Trekningslista etter korbasaren - takk for støtta!

Intimkonsert med Radøy damekor	Kirsten og Rune Mellingen
Mariusgenser	Kristoffer Bauge
Dobbelt sengesett med Jerseylaken	Grete Manger
Gåvekort frå Matsørvis	Liv og Jarle Helland
Handstøvsuger	Grete Treland Dalland
Gåvekort frå Gaveriet Lindås	Amalie Rognsøy
Gåvekort frå Strilen	Alf Svendheim
Gåvekort frå Trim Trening & Terapi	Håvard Askeland
Jakke frå Felleskjøpet	Sigrid Halland
Bilvask frå YX Manger	Gunvald Kleveland
Strikketrøye	Fam. Anne Kari Sylta
Gåvekort frå Nordhordland	Ingunn og Arne Hole
Lyssett frå Hella Betong	Audun Nordanger
Billettar til Julenattinéen	Alma Taule & Eva K.Taule
Gåvekort frå Risnes Elektro	Mikkel Padøy
MC-pakke frå Radøy Bil og Motor	Turid Skaar
Pyntehylle frå Skruen	Ludvig og Else Grindheim
Vognteppe	Kurt Grindheim
Gåvekort frå Dagen	Rune L.Storheim
Massajetime	Oddlaug Solend
Handlaga Bjørkehjerte frå Blomsterverkstaden	Gunvald Kleveland
Selbuvotter	Arild Valdersnes
Linskjerf frå Twiggy	Truls Monsen
Bilete	Ronja Hinrikson

# Familienytt



## Døypte

16.12.2012 Mathilde Valdersnes Vabø  
 16.12.2012 Camilla Backus Bjørvik  
 13.01.2013 Amalie Villanger  
 13.01.2013 Solveig Villanger Rosenlund  
 13.01.2013 Niklas Hellesund Espenes  
 13.01.2013 Martin Palmesen  
 20.01.2013 Matheo Mjøs  
 27.01.2013 Elea Bjørnevoll Hovden  
 27.01.2013 Linnea Steindal Tjore  
 03.02.2013 Vilje Noor Thunestvedt  
     Nigar  
 17.02.2013 Lilly Marie Markhus-Olsen  
 17.02.2013 Julian Alejandro Salazar  
     Sævdal  
 17.02.2013 Sofie Waage Valdersnes  
 03.03.2013 Sebastian Kallestad Soltveit  
 10.03.2013 Leah Madelen Løvaas Borge  
 17.03.2013 Tuva Marie Bergtun  
 24.03.2013 Jørgen Bekkenes Morken  
 24.03.2013 Olav Skutle Lie  
 24.03.2013 Karianne Haugland  
     Vaktskjold  
 07.04.2013 Malene Skistad Opheim  
 07.04.2013 Marius Gaustad  
 21.04.2013 Tuva Kvinge-Dalland  
 21.04.2013 Jasmina Muratovic  
 21.04.2013 Elvir Muratovic

## Vigde

02.02.2013 Marita Instebø Bø og Jonny  
     Kartveit

## Døde



21.12.2012 Marie Nordvik  
 11.01.2013 Ester Dorthea Kvamme  
 18.01.2013 Margun Erna Kvalvåg  
 25.01.2013 Kristine Ystebø  
 01.02.2013 Øyvind Lunde  
 01.02.2013 Olbjørn Straume  
 08.02.2013 Agnes Bergtun  
 08.02.2013 Margun Orlaug Taule  
 01.03.2013 Nils Olai Sæbø  
 15.03.2013 Karsten Mikal Mjøs  
 26.03.2013 Olav Morken  
 26.03.2013 Solveig Vetås  
 05.04.2013 Georg Vaktskjold  
 05.04.2013 Terje Otto Hegland  
 18.04.2013 Meinert Helland  
 19.04.2013 Sigbjørn Boge  
 23.04.2013 Judith Solheim  
 26.04.2013 Marta Mellingen

(Alle datoar er seremonidatoar.)


## Minnegåve etter Margun Taule

Margun var klokkar i Hordabø kyrkje i mange år og hadde eit stort hjarta for kyrkja.  
 Minnegåva i gravferda hennar gav kr. 9 370 som ho ville skulle nyttast i kyrkja på Hordabø.

# Innkomne offer

Dag	Offermål	Kr
09.12 2.sundag i adventstida	KRIK	3604,00
16.12 3.sundag i adventstida	Menneskeverd	1983,00
24.12 Julaftan	Kirkens Nødhjelp (3 offer)	22 309,00
	Kirkens Bymisjon Bergen	7291,50
25.12 Juledag	Det Norske Misjonsselskap	3580,00
01.01 Nyårsdag	Stiftelsen Kirkens Familievern	1475,00
06.01 Kristi openberringsdag	Trusopplæring i Radøy	1681,50
13.01 2.sundag i openberringstida	Den Norske Israelsmisjonen	3201,00
20.01 3.sundag i openberringstida	Kirkens SOS i Bjørgvin	3673,00
27.01 Såmannssundagen	Det Norske Bibelselskap	2522,00
	Trusopplæring i Radøy	1205,00
03.02 Kristi forklæringsdag	Det Norske Bibelselskap (2 offer)	3314,00
10.02 Fastelavnssundag	Familie og Medier	1727,00
13.02 Oskeonsdag	Sjelesorgsenteret Haraldsplass	521,00
17.02 1.sundag i fastetida	Orgelprosjektet Manger kyrkje	2282,00
24.02 2.sundag i fastetida	Det Norske Misjonsselskap	1069,00
03.03 3.sundag i fastetida	Gå Ut-senteret	1191,50
10.03 4.sundag i fastetida	Normisjon	768,00
17.03 Maria bodskapsdag	Amathea	3172,00
24.03 Palmesundag	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Estland	3660,00
28.03 Skjærtorsdag	Trusopplæring i Radøy	2669,00
31.03 Påskedag	Sjømannskirken – Norsk kirke i utlandet	4896,00
07.04 2.sundag i påsketida	Orgelprosjektet Manger kyrkje	2060,00
14.04 3.sundag i påsketida	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy sokn	2718,00

Sum for 2012	Hittil i år
Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):	14179,00
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0–18 år):	29612,33
Offer til orgelprosjektet	14270,00
Offer til andre organisasjoner:	171758,50



# Hold deg oppdatert ved å fylge oss på nettet!

Radøy sokn var tidleg ute med internetsider, og er også til stades både på Twitter og Facebook.

Stadig meir informasjon vert formidla til kyrkjelyden elektronisk gjennom alle desse kanalane. Oppdatert informasjon om gudstenester, konsertar, soknerådmøte og ledige stillingar er noko av det vi legg ut. Det kan hende at eit arrangement vert flytta eller avlyst, eller at ei gudsteneste ikkje kjem med i lokalavisa. Twitter og Facebook er då dei beste måtane å halde seg oppdatert på!

Som Twitter-bruker kan du fylge @radoysokn. Er du på Facebook, kan du gå inn på facebook.com/radoysokn og trykke på "Liker". Då vil du få våre statusoppdateringar inn på veggen din.

Den norske kyrkja har også eigne nettsider med mykje nyttig informasjon. Desse finn du på [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

Andre aktuelle nettsteder:

[www.kirkensnodhjelp.no](http://www.kirkensnodhjelp.no)

[www.nms.no](http://www.nms.no)

[www.bibel.no](http://www.bibel.no)

## Korleis har du det eigentleg?

Kirkens SOS

815 33 300

[www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)



**MANGER  
GRAVMONUMENT**  
5936 Manger • Tlf. 452 71 563

Ring for avtale  
[terje.skjelvik@broadpark.no](mailto:terje.skjelvik@broadpark.no)

**KVALHEIM VVS**

AUTORISERT RØRLEGGERRIFRIMA

Postboks 1 - 5931 MANGER



Tlf 5637 4073 / [kval.vvs@frisurf.no](mailto:kval.vvs@frisurf.no)  
Måndag - fredag 0900-1630  
Laurdag 1000-1400

**Frantzen's  
Gartneri**  
BLOMSTERFORRETNING

Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77



5936 Manger • Tlf 56 34 98 60  
[www.fiskenet.no](http://www.fiskenet.no)



**Nordhordland  
Begravelsesbyrå AS**

Vi ordner alt vedrørende  
dødsfall i distrikt og by.

DØGNVAKT TLF 5637 1410  
[www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no)



**MTI  
IT SERVICE**

**BUNNPRIS**

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90



**SparebankenVest**

Bli pipefadder!



*Bli pipefadder  
og støtt orgelet i  
Manger kyrkje!*

Sjå radoysokn.no

**Vatne  
Begravelsesbyrå**

Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø  
Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon  
Tlf 56 35 16 61 - Kontor



**OKO NOR**  
ACCOUNTOR GROUP

**RISNES  
ELEKTRO AS**

Elinstallatør - Lampebutikk

**REMA 1000**

bare lave priser

Manger Senter  
09-22 (20) 5637 2255

Tørkeloftet As  
Blomster & interier

Manger Senter  
Tlf: 56194020  
tørkeloftet@gmail.com

Vi hjelper deg med blomster til alle  
anledninger.

**Smiths**

møte- og selskapslokale  
Manger— Ring 56 37 31 11  
leverer snittar, koldtbord og varm mat

**ENTREPENØR  
Rune Ulvatn AS**

5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

# Vel møtt i kyrkja!

Sjå også nettsidene våre  
og følg oss på  
Facebook!

laurdag 4. mai	1200	Sæbø kyrkje. Konfirmasjonsgudsteneste.
søndag 5. mai	1100	Emigrantkyrkja. Konfirmasjonsgudsteneste.
torsdag 9. mai	1100	Solenfjellet. Friluftsgudsteneste.
laurdag 11. mai	1200	Hordabø kyrkje. Konfirmasjonsgudsteneste.
laurdag 11. mai	1500	Manger kyrkje. Avslutningskonsert ved Manger folkehøgskule.
søndag 12. mai	1100	Manger kyrkje. Konfirmasjonsgudsteneste.
søndag 12. mai	1300	Manger kyrkje. Konfirmasjonsgudsteneste.
fredag 17. mai	1000	Manger kyrkje. Gudsteneste.
fredag 17. mai	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
fredag 17. mai	1115	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
fredag 17. mai	1230	Emigrantkyrkja. Gudsteneste.
søndag 19. mai	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
mandag 20. mai	1300	Hordabø (katedralen). Friluftsgudsteneste.
torsdag 23. mai	1930	Manger kyrkje. Konsert ved Radøy damekor/Hjelmås mannskor.
søndag 26. mai	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
onsdag 29. mai	1900	Manger kyrkje. Konsert ved Frode Skag Storheim.
søndag 2. juni	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
søndag 9. juni	1100	Tjorehagen. Friluftsgudsteneste.
søndag 16. juni	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Konfirmantjubileum.
søndag 23. juni	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 7. juli	1100	Emigrantkyrkja. Gudsteneste.
søndag 14. juli	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 21. juli	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
søndag 28. juli	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 11. august	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
torsdag 15. august	1900	Manger kyrkje. Konsert med Plunge kammekor, Litauen.
søndag 18. august	1900	Manger kyrkje. Gudsteneste.
søndag 25. august	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. Konfirmantjubileum.

*“...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den nærmaste kyrkja,  
men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje.”*  
*Biskop Halvor Nordhaug, visitas 2012.*

Ei oppdatert liste over gudstenester og andre arrangement i kyrkjene finn du også på internett.

Sjå dessutan kunngjeringar i lokalavisene.

Neste nummer av Radar kjem ut i august/september 2013.  
Frist for innsending av artiklar/bilete er 5.august 2013.

Redaksjon: J.William Kay, Audun Sylta, Ludvig Grindheim, Gudrun Rikstad, Britt Sissel Kvamme

Bilete: Frode Skag Storheim, Egil Olsvold, Åsmund Stray Nordberg, Barbo Raen Thomasen, Marta G.Hvidsten,  
Sølv Helen K. Mjøs, Audun Sylta. Utforming: J.William Kay • E-post: radar@radloysokn.no • Trykk: Trykk Service A/S Knarvik



DEN NORSKE KYRKJA  
Radøy sokn

